



**STORD  
KOMMUNE**

# Generell utdanningsplan for spesialisering i allmenntmedisin



# Innhald

<b>Innhald</b> .....	<b>1</b>
<b>Innleiing</b> .....	<b>2</b>
<b>Spesialistforskrifta og kompetanseforskrifta</b> .....	<b>2</b>
<b>Spesialiseringssløpet</b> .....	<b>3</b>
<b>Læringsmål, læringsaktivitetar og læringsarenaer</b> .....	<b>3</b>
<b>Tenestetid</b> .....	<b>4</b>
<b>Kommunens ansvar og organisering av legetenesta og spesialistutdanninga</b> .....	<b>5</b>
<b>Rettleiing</b> .....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
<b>Individuell rettleiing</b> .....	<b>6</b>
<b>Grupperettleiing</b> .....	<b>7</b>
<b>Supervisjon</b> .....	<b>7</b>
<b>Vurdering av kompetanse og godkjenning av læringsmål</b> .....	<b>7</b>
<b>Kompetanseportalen (Dossier)</b> .....	<b>8</b>
<b>ALIS sitt ansvar</b> .....	<b>8</b>
<b>Læringsarenaer i kommunen (spesiell del)</b> .....	<b>9</b>
<b>Læringsarena 1 - Fastlegekontor</b> .....	<b>9</b>
<b>Læringsarena 2 – Sjukeheim (allmennt medisinsk teneste)</b> .....	<b>9</b>
<b>Læringsarena 3 – Helsestasjon og skulehelseteneste</b> .....	<b>10</b>
<b>Læringsarena 4 - Kommunal administrasjon</b> .....	<b>110</b>
<b>Læringsarenaer utanfor kommunen (spesiell del)</b> .....	<b>11</b>
<b>Læringsarena 1 – Sjukehus (institusjonstjeneste)</b> .....	<b>11</b>
<b>Læringsarena 2 - Interkommunal legevakt</b> .....	<b>111</b>
<b>Kontaktpersonar i kommunen:</b> .....	<b>12</b>

## Innleiing

### Spesialistforskrifta og kompetanseforskrifta

Dei allmenmedisinske fagområda har ei sentral rolle i kommunehelsetenesta. Allmennlegar i primærhelsetenesta har eit breitt spekter av oppgåver, både ovafor pasientar og andre tenester i kommunar og spesialisthelsetenesta. Det er ei stor breidd i pasientkategoriar og tilstandar allmennlegane utreier og behandlar. Kommunen er avhengig av høg kvalitet i denne tenesta for å sikre innbyggjarane eit godt tilbod.

Forskrift om spesialistutdanning og spesialistgodkjenning for legar og tannlegar (spesialistforskrifta) vart sett i kraft 1.mars 2017 for utdanningas første del (LIS1, tidlegare turnuslege) og 1.mars 2019 for utdanningas andre del (LIS2) og tredje del (LIS3).

LIS3 i allmenmedisin blir heretter omtalt som ALIS og står for allmennlege i spesialisering.



Figur 1 : Skissert organisering av ny spesialitetsstruktur.

Etter forskrift om kompetansekrav for legar i den kommunale helse- og omsorgstenesta (Kompetanseforskrifta), skal alle leger i kliniske stillingar i kommunen med få unntak vere spesialistar i allmenmedisin eller under utdanning til å bli det.

Spesialistforskrifta §5 tydeleggjer kommunens ansvar for spesialistutdanninga.

Alle kommunar med legar i spesialisering etter ny spesialistforskrift skal vere registrert utdanningsverksemd.

Stord kommune har søkt helsedirektoratet om å bli registrert utdanningsverksemd og søknaden blei godkjent 13.04.2021. Kommunens læringsarenaer med tilknytte læringsmål står oppført under «Læringsarenaer i kommunen».

### **Spesialistforskrifta § 23. Registrerte utdanningsverksemder sitt ansvar for utdanninga**

*Den registrerte utdanningsverksemda skal legge til rette for at utdanninga av spesialistar skjer innan fagleg forsvarlege rammer og på ein måte som sikrar tilstrekkeleg kvalitet og gjennomstrøyming i utdanningsløpet. Verksemda skal blant anna*

*a) legge til rette for heilskaplege utdanningsløp*

*b) legge til rette for læringsaktivitetar slik at legane i spesialisering kan oppnå læringsmåla*

*c) dokumentere korleis arbeidet med spesialistutdanninga er organisert og korleis ansvaret er plassert i verksemda*

*d) utarbeide ein plan for spesialistutdanninga. Planen skal blant anna innehalde opplysningar om:*

- kva læringsarenaer som kan tilby dei ulike læringsmåla*
- korleis rettleiinga og vurderinga skal organiserast og gjennomførast*
- korleis det vert lagt til rette for supervisjon*

Som registrert utdanningsverksemd skal kommunen tilby heilskaplege utdanningsløp for den enkelte ALIS etter Spesialistforskrifta § 23.

## Spesialisingsløpet

### Læringsmål, læringsaktivitetar og læringsarenaer

Spesialisering etter ny spesialistforskrift blir primært målt i om ***læringsmål*** er oppnådd. Med læringsmål meinast kva ein legespesialist skal forstå, kunne eller vere i stand til å utføre. For kvart læringsmål er det stilt krav til kunnskap og/eller ferdigheiter, og fastslått nivå for kompetansen som skal oppnåast.

For å oppnå eit læringsmål, må ALIS gjennomføre ulike ***læringsaktivitetar***. Dette kan for eksempel vere individuell rettleiing, kurs, grupperettleiing, felleskonsultasjon med supervisor osv.

Den kliniske tenesta blir gjennomført på ulike ***læringsarenaer***. Dette vil som regel vere i den kommunale helse- og omsorgstenesta, for eksempel fastlegepraksis, sjukeheim eller helsestasjon. Kommunen kan også ha fagavtale med andre kommunar, institusjonar i spesialisthelsetenesta eller andre om å vere læringsarena i allmenntidmedisin.

I allmenntidmedisin skal ALIS oppnå både kliniske læringsmål i allmenntidmedisin (ALM), og felles kompetansemål (FKM), som er felles for alle spesialitetar. Helsedirektoratet har oppgitt anbefalte læringsaktivitetar for ALM og FKM, men ein kan likevel jobbe med eit læringsmål ved å gjennomføre andre læringsaktivitetar enn dei som er oppgitt.

Helsedirektoratet sine utdanningsplanar for læringsmål og tilhøyrande læringsaktivitetar ligg føre i Excel-form og er til ei kvar tid oppdatert.

➔ Anbefalt utdanningsplan i kliniske læringsmål i allmenntidmedisin og felles kompetansemål.

Her vil man også finne «Temahefte for allmenntidmedisin», som gir oversikt over læringsmål og læringsaktivitetar for allmenntidmedisin.

## Tenestetid

Utdanningstida i allmenmedisin er berekna til å vere totalt fem år i full stilling. Ved deltid skal tenestetida forlengast tilsvarande (jf. spesialistforskrifta § 31).

Ein kan dele tenesta inn i ulike deler:

- **Allmenmedisinsk teneste:** opp til 4,5 år av tenesta
    - Open uselektert allmennpraksis frå minimum 2 til 4,5 år på heiltid. Minst to år i open uselektert allmennpraksis må gjennomførast i minst 50 % stilling (jf. spesialistforskrifta §§ 8, 31)
    - Annan allmenmedisinsk teneste, inntil 2,5 år, kan gjennomførast på andre læringsarenaer. Vanlegvis er dette andre områder av den kommunale helse- og omsorgstenesta, som sjukeheim, legevakt, kommunal akutt døgneining (KAD), helsestasjon og skulehelseteneste, og fengselshelseteneste. Kommunen kan også ha avtale med eksterne læringsarenaer om allmenmedisinsk teneste.
  
  - **Institusjonsteneste:** anbefalt minimum seks månaders teneste, men kan vare lengre, for å oppnå læringsmål ALM 055 og 085. Tenesta kan gå føre seg i:
    - godkjent utdanningsverksemd i spesialisthelsetenesta
    - kommunal helseinstitusjon som har overlege i full stilling, kan tilby individuell rettleiing og supervisjon på nivå med godkjende utdanningsverksemder og har organisert internundervisning.
- ➔ Anbefalt utdanningsplan i kliniske læringsmål i allmenmedisin og felles kompetansemål.

## Kommunens ansvar og organisering av legetenesta og spesialistutdanninga

I Stord kommune er legetenesta organisert under Fagavdeling rehabilitering, helse og omsorg (RHO). kommunalsjef RHO har det overordna ansvaret for legar og spesialistutdanninga.

Legetenesta består av kommuneoverlege, fastlegar tilknytt 5 fastlegekontor, sjukeheimslega(r) ved 1 sjukeheim, skule- og helsestasjonslega(r),

Kommunen har i tillegg overordna samarbeidsavtale med Stord Sjukehus og Sunnhordland interkommunale legevakt IKS.

Kommunen har ansvaret for utdanningsløpet for den enkelte ALIS, jf. spesialistforskrifta § 25.

- **ALIS-avtale**

***Spesialistforskrifta § 25. Utdanningsverksemdas ansvar for utdanninga av den enkelte lege.***

*Overfor den enkelte lege i spesialisering skal utdanningsverksemda legge til rette for at legen skal kunne oppnå læringsmåla og gjennomføre eit utdanningsløp for høvesvis utdanningas første del og for utdanningas andre og tredje del. Verksemda skal blant anna*

- a. sørge for at det er utarbeidd ein individuell utdanningsplan med eit utdanningsløp i samråd med legen og at planen reviderast ved behov*
- b. legge til rette for at utdanninga kan skje etter den individuelle planen*
- c. legge til rette for at legen får nødvendig vegleiing og supervisjon*
- d. oppnemne ein individuell vegleiar*
- e. utferde stadfesting på gjennomført praktisk teneste.*

Det bør inngåast ein ALIS-avtale mellom kommunen og den enkelte ALIS. ALIS-avtalen må føreligge for at kommunen skal kunne søke om tilskot til «Nasjonal ALIS og rettleiing». Helseinspektorens mal for ALIS-avtale skal nyttast.

→ [Nasjonal ALIS og vegleiing - Helseinspektorens mal](#)

- **Individuell utdanningsplan**

Ved oppstart skal kommunen sørge for at det snarleg vert utarbeidd ein individuell utdanningsplan med oversikt over dei ulike læringsarenaene som ALIS skal jobbe på. Dette inneber ein samla utdanningsplan for heile spesialiseringsløpet, evt. tidsavgrensa plan ved kortare avtalar. Kommunen skal legge til rette for at ALIS skal kunne følgje den utarbeidde planen.

→ [Mal for individuell utdanningsplan](#)

- **Oppfølging og vurdering av ALIS**  
Det bør haldast halvårlege/årlege møter med leiar, rettleiar og ALIS med gjennomgang og revisjon av individuell utdanningsplan og plan for utdanningsforløpet, med vurdering og godkjenning av læringsmål. Det er kommunens ansvar å legge til rette for best moglege læringsforhold, og at tiltak vert sette inn dersom ALIS ikkje har tilfredsstillande progresjon.
  - **Rettleiing og supervisjon**  
Kommunen sørger for at ALIS får naudsynt rettleiing og supervisjon. Det oppnamnas individuell rettleiar, samt leggjast til rette for supervisjon på den aktuelle læringsarenaen.
  - Kommunen utferder stadfesting på gjennomført praktisk teneste under spesialiseringa.
- Helsedirektoratet har standardattestar for dette.

## Rettleiing

### Individuell rettleiing

Rettleiinga skal skje i samsvar med krava i spesialistforskrifta §§ 2 og 25. ALIS skal ha individuell rettleiing gjennom heile spesialistforløpet og kommunen har ansvar for å legge til rette for dette. Rettleiar skal vere spesialist i allmenntidmedisin, men eit tidsavgrensa fritak er mogleg.

Rettleiing skal forståast som refleksjonar, råd og oppfølging av fagleg progresjon under spesialiseringa, samt bidrag i vurdering av ALIS. Dette inneber planlagde, regelmessige samtaler mellom ALIS og rettleiar. Rettleiinga kan handla om problemstillingar og tema ALIS ønskjer eller har behov for å ta opp, som knytes opp mot læringsmål. Individuell rettleiing er ein læringsaktivitet for alle læringsmål.

Det skal skrivast referat frå kvar rettleiingstime i Kompetanseportalen, og rettleiar skal signere læringsaktiviteter. Leiar vurderer og godkjenner læringsmål, i samarbeid med rettleiar. Rettleiar skal melde frå til leiar dersom progresjonen over tid ikkje er som forventa.

Det kan vere behov for hyppigare rettleiing i starten av utdanninga, og timetala kan variere frå månad til månad ut ifrå kva som er hensiktsmessig. Det gjennomsnittleg vere 4 timar rettleiing pr månad i 10,5 månadar pr år, dvs. 42 timer pr år i totalt 5 år. Ved behov for ekstra rettleiing utover minimumsantala vert dette avtalt mellom ALIS og kommunen. Helsedirektoratet gir kommunen tilskot til kompensasjon av rettleiar. Rettleiar får i tillegg godtgjering 1,5 timer i månaden i totalt 10,5 månader i året til førebuing og etterarbeid.

Rettleiarar må sette seg inn i reglane for spesialistutdanninga, og skal inneha kompetanse på individuell rettleiing. Det er Stord kommune sitt ansvar å sørge for at rettleiar er kvalifisert, og får tilbod om rettleiingskurs ved behov for kompetanseheving.

## Grupperettleiing

Deltaking i grupperettleiing er ein viktig del av spesialistutdanninga. Dette skal bidra til betre oppfølging av ALIS og styrke kvaliteten på spesialistutdanninga. Grupperettleiinga forgår over to år, 60 timer per år fordelt på ti samlingar. Eit av åra må gjennomførast når ALIS er i open uselektert praksis.

Legeforeningen har ansvar for å organisere grupperettleiingar.

## Supervisjon

Det er avgjerande for god læring at ALIS har tilgang på supervisjon i det daglege arbeidet. Supervisjon inneber at ALIS skal få bistand og råd i konkrete kliniske situasjonar. Ved nokre læringsaktivitetar må supervisor vere til stades, f.eks. ved gjennomføring av praktiske prosedyrar. Elles kan det vere tilstrekkeleg med supervisjon via telefon eller digitale media. Supervisorar er som oftast legar, men kan også vere andre fagpersonar som jordmødrer, helsesjukepleiarar o.l. som har kompetanse på feltet ein får supervisjon på. ALIS kan ha fleire supervisorar.

Supervisorar skal signere på enkelte læringsaktivitetar i Kompetanseportalen. Ved vurdering av læringsmål skal det innhentast anbefaling frå minst ein av supervisorane, i tillegg til rettleiar.

→ [Rettleiing og supervisjon - helsedirektoratet](#)

## Vurdering av kompetanse og godkjenning av læringsmål

Kommunens leiar skal sørge for at ALIS får fortløpande vurdering av om læringsmåla er oppnådd, og at oppnådde læringsmål vert dokumenterte i Kompetanseportalen, jf. spesialistforskrifta §26. Det skal innhentast anbefaling frå rettleiar og minst ein av dei som har deltatt i supervisjon. Det overordna ansvaret for vurdering ligger hos leiinga i kommunen og kan ikkje delegerast.

Mange av læringsmåla vil oppnåast i siste del av utdanningstida. Allmenntidmedisin er eit modningsfag og mange læringsmål krev praksis og erfaring over tid. Signering av læringsmål skal vere ei stadfesting på at ikkje berre læringsaktivitetane er gjennomført, men at kompetansen er oppnådd.

Vurderingskollegium kan nyttast. Eit vurderingskollegium består av leiar, rettleiar, ein eller fleire supervisorar, vanlegvis ALIS, samt eventuelt andre relevante medarbeidarar. Leiar held vurderingskollegium for å gjere ei heilskapleg sluttvurdering av måloppnåing for ein gitt periode.

Dersom lege i spesialisering ikkje får dokumentasjon på at eit læringsmål er oppnådd, har legen rett til ny vurdering, jf. spesialistforskrifta §26.

→ [Rettleiar for kompetansevurdering av legar i spesialisering.](#)



## Kompetanseportalen (Dossier)

I Kompetanseportalen rettleiing, læringsmål (ALM og FKM) og læringsaktivitetar dokumenterast.

ALIS skal invitere rettleiar og leiar inn i Kompetanseportalen, og leiar tildeler utdanningsplan.

Supervisorar vert berre inviterte inn i kompetanseportalen for å godkjenne læringsaktivitetar. Det vil som oftast vere fleire supervisorar i eit spesialiseringsforløp.

ALIS sender læringsaktivitetar til rettleiar og supervisor for godkjenning, og læringsmål til leiar for godkjenning.

Leiar godkjenner læringsmål i samråd med rettleiar og eventuelt supervisor når kompetansen er vurdert som oppnådd og læringsaktivitetane er gjennomført. I kompetanseportalen er det også høve til å laste opp dokumentasjon, samt kommentere på læringsmål og læringsaktivitetar.

Dokumentasjon i kompetanseportalen dannar grunnlag for vurdering av spesialistsøknad.

Meir informasjon om kompetanseportalen og innlogging finn ein på Helsedirektoratet sine sider:

→ [Kompetanseportalen - Helsedirektoratet](#)

## ALIS sitt ansvar

ALIS har ansvar for eiga læring og for progresjon i spesialiteten, jf. spesialistforskrifta §7.

- Ved oppstart skal ALIS utarbeide individuell utdanningsplan i samarbeid med leiar og rettleiar.
- ALIS skal følge opp sin individuelle utdanningsplan og delta på læringsaktivitetar. Dette inneber blant anna at ALIS skal førebu tema/spørsmål til individuell rettleiing, delta på kurs, melde seg inn i rettleiingsgruppe, sørge for praksisbesøk o.l.
- Ved oppstart har ALIS ansvar for å invitere leiar, rettleiar og supervisor i kompetanseportalen.
- ALIS skal sette seg inn i oppdatert kunnskap på fagområdet, og ta initiativ til særleg innsats når det gjeld læringsmål som vert opplevde som krevjande.
- Fullførte læringsaktivitetar skal dokumenterast fortløpande i Kompetanseportalen og sendast til godkjenning hos rettleiar/supervisor der dette er aktuelt.
- Læringsmåla sendast, i samråd med rettleiar, fortløpande til leiar for godkjenning.

## Læringsarenaer i kommunen

### Læringsarena 1 - Fastlegekontor

Stord kommune har 5 fastlegekontor som kan vere læringsarena.

Type læringsarena	Open uselektert allmennpraksis
<b>Lokalisasjon: Heiane legesenter, Stord legesenter, Landsbylegane AS, Øyo Legekontor, Leirvik legekontor</b>	
<b>ALM:</b> Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som heilt eller delvis kan oppnåast.	Alle ALM, bortsett frå ALM 055 og 085. Dette krev deltaking i legevakt (utanom dagtid).
<b>FKM:</b> Læringsaktiviteter tilknytt læringsmål som heilt eller delvis kan oppnåast.	Alle FKM
<b>Supervisjon gå føre seg ved:</b>	Å vere til stades fysisk og telefon/digitalt

### Læringsarena 2 – Sjukeheim (allmennt medisinsk teneste)

Stord sjukeheim har 117 institusjonsplassar. 97 langtidsplassar, 12 korttidsplassar og 8 heildøgnsomsorgsleilegheiter.

Type læringsarena	Sjukeheim
<b>Lokalisasjon: Stord sjukeheim</b>	
<b>ALM:</b> Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som heilt eller delvis kan oppnåast.	ALM 002-004 (delvis), ALM 008, ALM 009 (delvis), ALM 012 (delvis), ALM 017 (delvis), ALM 018, ALM 019 (delvis), ALM 021 (delvis), ALM 028 (delvis), ALM 029-030, ALM 031-032 (delvis), ALM 034-050, ALM 051 (delvis), ALM 052-054, ALM 057, ALM 060, ALM 061 (delvis), ALM 062, ALM 063-069 (delvis), ALM 070-077, ALM 078 (delvis), ALM 080-081 (delvis), ALM 082-084
<b>FKM:</b> Læringsaktiviteter knytt til læringsmål som heilt eller delvis kan oppnåast.	Alle FKM
<b>Supervisjon gå føre seg ved:</b>	Å vere til stades fysisk og telefon/digitalt

### Læringsarena 3 - KAD/ØHD (allmenntjeneste)

Sunnhordland interkommunale legevakt driv legevakt og døgnavdeling for øykommunane Bømlo, Fitjar og Stord med om lag 33 800 innbyggjarar. 4 rom er knytt opp mot akutthjelp-senger og er til for personar med behov for akutthjelp, men som ikkje treng sjukehusinnlegging. 5 rom er knytt opp mot observasjonssenger. Desse er i hovudsak for pasientar som er utskrivingsklare frå sjukehuset, men som treng auka overvaking for ein kortare periode.

Type læringsarena	KAD/ØHD
<b>Lokalisasjon: Sunnhordland interkommunale legevakt IKS, Avd. IDA</b>	
<b>ALM:</b> Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som heilt eller delvis kan oppnåast.	ALM 002-003 (delvis), ALM 008, ALM 018-019 (delvis), ALM 021 (delvis), ALM 023 (delvis), ALM 028-032 (delvis), ALM 036-050. ALM 051 (delvis), ALM 052-054, ALM 057, ALM 059 (delvis), ALM 060, ALM 061 (delvis), ALM 062, ALM 063-069 (delvis), ALM 070, ALM 071-073 (delvis), ALM 074 ALM 075 (delvis), ALM 076-077, ALM 078-081 (delvis), ALM 083, ALM 084 (delvis)
<b>FKM:</b> Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som heilt eller delvis kan oppnåast.	Alle FKM
<b>Supervisjon gå føre seg ved:</b>	Å vere fysisk til stades og telefon/digitalt

### Læringsarena 5 – Helsestasjon og skulehelseteneste

Helsestasjonstenesta har ei sentral rolle i folkehelsearbeidet i kommunen, og arbeider både med psykisk/fysisk helse og sosiale forhold. Skulehelsetenesta er eit tilbod til skuleelevar og personar under 20 år.

Type læringsarena	Helsestasjon og skulehelseteneste
<b>Lokalisasjon: Stord Helsepark, Sagvåg helsestasjon, Nordbygdo helsestasjon, Skulehelseteneste på alle skular i kommunen</b>	
<b>ALM:</b> Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som heilt eller delvis kan oppnåast.	ALM 002-004 (delvis), ALM 006 (delvis) , ALM 008-010 (delvis), ALM 011, ALM 019 (delvis), ALM 21 (delvis), ALM 028 (delvis), ALM 031-032 (delvis), ALM 038-039 (delvis), ALM 041-050, ALM 052-053, ALM 060, ALM 061 (delvis), ALM 063-065 (delvis), ALM 74 (delvis), ALM 079, ALM 080-081 (delvis), ALM 083, ALM 084 (delvis)
<b>FKM:</b> Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som heilt eller delvis kan oppnåast.	Alle FKM
<b>Supervisjon gå føre seg ved:</b>	Å vere til stades fysisk og telefon/digitalt

## Læringsarena 4 - Kommunal administrasjon

Kommunal administrasjon i Stord kommune, er eit læringsarena for å oppnå læringsmåla knytt til samfunnsmedisinske oppgåver og folkehelsearbeid, samt smittevern og beredskap.

Type læringsarena	Kommunal administrasjon
<b>Lokalisasjon: Stord kommune</b>	
<b>ALM:</b> Læringsaktivitetar tilknytt læringsmål som heilt eller delvis kan oppnåast.	ALM 003-004, ALM 010-011, ALM 052-053, ALM 088.
<b>FKM:</b> Læringsaktiviteter tilknytte læringsmål som kan helt eller delvis oppnåast.	Alle FKM
<b>Supervisjon gå føre seg ved:</b>	Å vere til stades fysisk og telefon/digitalt

## Andre samarbeidande læringsarenaer utanfor kommunen

### Læringsarena 1 – Sjukehus (institusjonsteneste)

Stord sjukehus er lokal- og akuttsjukehus for kommunane i Sunnhordland, med til saman rundt 50 000 innbyggjarar.

Sjukehuset har spesialisthelsetilbod innan medisin, kirurgi, røntgen/lab og føde/gynekologi. Stord distriktspsykiatriske senter (DPS) ligg like ved og har spesialisthelsetilbod innan psykisk helsevern til vaksne og barn/ungdom.

Type læringsarena	Spesialisthelsetjeneste
<b>Lokalisasjon: Helse-Fonna, Stord sjukehus</b>	
<b>ALM:</b> Læringsaktiviteter knytt til læringsmål som heilt eller delvis kan oppnåast.	ALM 055 og 085
<b>FKM:</b> Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som heilt eller delvis kan oppnåast.	Alle FKM
<b>Supervisjon gå føre seg ved:</b>	Å vere til stades fysisk og telefon/digitalt

### Læringsarena 2 - Interkommunal legevakt

Sunnhordland interkommunale legevakt driv legevakt og døgnavdeling for øykommunane Bømlø, Fitjar og Stord med om lag 33 800 innbyggjarar. Legevakta er spesielt innretta mot akutte skadar og alvorlege sjukdomar, og tilbyr hjelp ved akutte skadar, sjukdomar og kriser.

Type læringsarena	Interkommunal legevakt
<b>Lokalisasjon: Sunnhordland interkommunale legevakt (IKS)</b>	
<b>ALM:</b> Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som heilt eller delvis kan oppnåast.	ALM 002-004 (delvis), ALM 012 (delvis), ALM 018-019 (delvis), ALM 021 (delvis), ALM 028-033 (delvis), ALM 035 (delvis), ALM 036-054, ALM 057-058, ALM 059 (delvis), ALM 060, ALM

	061 (delvis), ALM 062, ALM 063-064 (delvis), ALM 065-070, ALM 071-073 (delvis), ALM 074, ALM 075(delvis), ALM 076-079, ALM 080 (delvis), ALM 081, ALM 083, ALM 084 (delvis)
<b>FKM:</b> Læringsaktivitetar knytt til læringsmål som heilt eller delvis kan oppnåast.	Alle FKM
<b>Supervisjon gå føre seg ved:</b>	Å vere til stades fysisk og telefon/digitalt

## Kontaktpersonar i kommunen:

Kommuneoverlege – Petra Turet Olsen

Personal- og organisasjonssjef – Siren Eldøy Hinderaker

Kommunalsjef RHO – Anne Karin Fossdal